



Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	16.02.23 Kl. 13:00
Møtestad:	BUP Voss
Møteleiar:	June Eide Viken
Til stade:	Gunnlaug Lekve (Ulvik), Anna Mo-Bjørkelund (Kvam), June Eide Viken (Vaksdal), Marianne Røynesdal (BUP Voss), Bridget Penny (brukarrepresentant), Sveinung Hellesen Nygård(Voss), Anne Myklatun og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Rita Høvset (Eidfjord) og Kjell R. Stien (Voss),
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
1/23	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
2/23	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner referatet.	V		
3/23	Rusførebyggande arbeid blant unge – kva gjer dei ulike kommunane? <ul style="list-style-type: none">• Kvam har gode erfaringar med samarbeid med KoRus Vest.• Voss har SLT-møter ein gong i månaden.	O		

	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med utestad på Voss som har senka grensa til 18 år på fredagar, slik at ungdomane har ein stad å vere. • Planar om informasjonskveld for føresette til elevar på undomsskule og vidaregåande skule. • Viktig med tydelege vaksne og hjelpe foreldre med foreldrerolla. 			
4/23	<p>Mandatet til barn og unges psykiske helse</p> <p>Ein må finne fram mandatet før neste møte 11.05.23 og sjå på forslag til endringar. Kva er funksjonen til underutvalet?</p>	O		
5/23	<p>Informasjon frå June Eide Viken etter møte i områdeutvalet</p> <p>Det er ynskje frå områdeutvalet at ein endrar på underutvalet for barn og unges psykiske helse til å gjelde både psykisk helse og somatisk helse blant barn og unge. Forslag om å endre namnet til underutvalet til Underutval for barn og unge. Viktig med fokus på overgangen ungdom til vaksen og overgang kommune og sjukehus. Vil ha med ein representant frå Barne- og ungdomsklinikken i utvalet.</p> <p>Neste møte i områdeutvalet skal vere 27.04.23. Områdeutvalet ynskjer at underutvalet for barn og unges psykiske helse kjem med forslag til nytt mandat. June Eide Viken melder tilbake at det er vanskeleg å kome med forslag til nytt mandat for underutvalet for barn og unges psykiske helse før møtet. Passar å ta dette opp på neste underutvalsmøte 11.05.23.</p>	O		
6/23	<p>Aktuelt frå medlemene i underutvalet</p> <p>Kvam:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Introprogram COS-P for flyktningar. Har hatt COS-P på arabisk. Tolk vert brukt for ukrainske flyktningar. • Tidleg inn – samarbeid med RKBU og KoRus. • Barnekoordinator er tilsett i 25% stilling. • Utekontaktenesta er styrka. • FACT-ung – spesifikk metode i forhold til komplekse saker. • BTI-implementeringa er godt i gang. 	O		

	<ul style="list-style-type: none"> • Familiesenteret – råd og rettleiingsteneste til barnevernet. • Barnevern – fokus på at born ikkje skal bli flytta ut av heimen. <p>Ulvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulehelseteam og barnehageteam skal definerast tydlegare. • Fokus på skulefråver. Kommunepsykolog er med i dette arbeidet. • BTI er i gang. • Ynskje om at helsestasjonen er meir inne i barnehagane. <p>Vaksdal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • COS-P foreldrerettleiing. Helsestasjonen skal gje eige tilbod om foreldrerettleiing til flyktningar. • Arbeider med å få på plass kommunepsykolog. Fekk avslag frå Voss om samarbeid. • Ein del sjukefråver. • Nytt journalføringsprogram på helsestasjonen: VISMA HSpro. <p>Eidfjord:</p> <ul style="list-style-type: none"> • DigiHelsestasjon vert jobba med. • Lyst ut 60% stilling som BTI-koordinator. • Lyst ut 20% stilling som barnekoordinator. • Lyst ut full stilling som førebyggingskoordinator for arbeid med rus og ungdom. <p>Voss:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har fire kommunepsykologar. To arbeider med barn og unge. Ein kommunepsykolog arbeider inn i mot skule. Det er stort pågang og mange tilvisingar kvar veke. Er terskelen for å søke hjelp blitt for låg? Vanskeleg å skilje ut kven som verkeleg har behov for hjelp og kven som berre treng nokon å snakke med. • Skulefråver – ynskjer å arbeide meir med dette. • Ynskjer å få på plass gruppetilbod for ungdom. <p>Brukarrepresentant:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Flyktningar – kan oppstå spenningar mellom grupper. Viktig å ha fokus på dette og arbeide for å unngå at barna vert prega av foreldra sine vanskar. Foreldrerettleiing med fokus på å la barna vere barn. 			
--	---	--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis få barn og unge til å «brenne for noko» og få læringsglede? Mange barn kjedar seg fort. • Viktig å involvere foreldre når noko kring barnet skal avgjerast. <p>BUP:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokus på ulike gruppebehandlingar. Dette vert godt motteke. • Det er kome inn fleire søkjarar på psykologstillinga som er lyst ut. Skal i gang med intervjurunde. • Travelt. 26% fleire tilvisingar i januar i år enn i fjor. Mange tilvisingar som gjeld nevroproblematikk. Kva kan årsaka vere? • Ynskjer betre tilvisingar der meir arbeid er gjort i 1. linja før tilvising. 			
7/23	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Drøfting av framtidens helseteneste. • Vidare møteplan for underutvalet: Torsdag 11.05.23 kl. 13 til 15. 	O/D		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 11.05.23 kl.13** på BUP Voss. Ber om at medlemmane i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.